

Driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk

Rekneskap 2024, budsjett 2025 og skisse til ein spareplan

Institutt for framandspråk (IF) har dei siste åra hatt eit driftsbudsjett sterkt prega av ekstraordinære inntekter i form av sluttresultat frå eksternfinansierte prosjekt. Dei viktigaste av desse gevinstante kom frå Eksamensprosjektet i 2023 (2 millionar), frå Nasjonale prøvar i 2024 (1.4 millionar) og frå vidareutdanningsprosjekta Kompetanse for kvalitet i 2025 (4.1 millionar). På grunn av desse ekstraordinære inntektene har vi hatt brukbare rammer for driftsbudsjettet ved IF. Pengane har i hovudsak gått med til løn og honorar, dvs. først og fremst honorar til eksterne sensorar, vikarar i undervisninga og attåtstillingar (bistillingar) for å styrkja undervisninga.

Tida med rimeleg gode rammer i driftsbudsjettet er no over, og det er først og fremst to grunnar til dette. Som fakultetet opplever vi sviktande inntekter, og for å sikra fellesbudsjettet og dermed løna til dei fast tilsette blir midlar som tidlegare vart fordelte til driftsbudsjetta ved institutta, no omdirigerte til fellesbudsjettet ved fakultetet. Den nye budsjettmodellen basert på dette trer i kraft frå og med budsjettåret 2025. For det andre vil instituttet i 2026 og 2027 ikkje få større sluttgevinstar frå eksternfinansierte prosjekt. Neste store sluttgevinst, som kjem frå Nasjonale prøvar i engelsk, er forventa i 2028.

Resultatet i 2024

Instituttet gjekk ut av fjoråret med eit underskot på rundt ein million kroner, når ein inkluderer forpliktingar frå 2024 som først kjem inn på rekneskapen i 2025. Dette er mykje, men vi kunne gjera det fordi vi visste at vi ville få inn ein stor sluttgevinst frå Kompetanse for kvalitet (Kfk) no i 2025. Den vedlagde økonomirapporten gjev eit meir detaljert oversyn over dei ulike utgiftspostane i 2024.

Budsjettet for 2025

Instituttleiinga har fleire gonger varsla at vi vil få strammare driftsbudsjettet og dermed mindre pengar til vikarar og andre mellombels tilsette i undervisninga. Sjå m.a. sak 4 frå institutttrådet 4. desember 2024, sak 4 frå 16. oktober 2024, sak 4 frå 28. august 2024, sak 5 frå 31. januar 2024 og sak 5 frå 22. november 2023.

I utgangspunktet hadde vi ikkje rekna med dei nye og strammare budsjetta før i 2026. Det er fleire grunnar til at det strammar seg til allereie i 2025. For det første vedtok fakultetet før jul ein

budsjettmodell og budsjetttrammer som altså flyttar pengar frå driftsbudsjetta ved institutta til fellesbudsjettet ved fakultetet. Den andre hovudårsaka er at ikkje heile sluttgevinsten frå Kfk-prosjekta går til instituttet. Praksis har vore at institutta har fått heile sluttgevinsten frå eksterntfinansierte prosjekt av denne typen, men i 2025 har fakultetet valt ein gradvis overgang til den nye budsjettmodellen. Dette ser ut til å redusera inntektene på driftsbudsjettet vårt med bortimot 600 000 kroner i år. Oppsummert er det altså tre hovudgrunnar til at driftsbudsjettet vårt i 2025 er stramt: Vi har med oss eit underskot frå i fjor, vi har fått ein ny budsjettmodell og trongare budsjetttrammer, og vi har fått redusert ein forventa sluttgevinst. Den første faktoren var kjent då vi vedtok budsjettet for 2024. Dei to siste faktorane har kome til hausten 2024.

Undervisninga våren 2025 vart planlagt i god tid, og før vi kjende til den nye budsjettmodellen og reduksjonen i sluttgevinst. Når vi likevel presenterer eit framlegg til 2025-budsjett i balanse, kviler det på nokre viktige premissar som må følgjast opp i økonomistyringa i 2025:

- minimal bruk av vikarar og andre mellombels tilsette i undervisninga H25
- færre attåtstillingar ved instituttet, dvs. utgåande stillingar i denne kategorien blir normalt ikkje fornya
- reduserte tildelingar frå instituttet til ulike typar forskingsføremål
- varsam bruk av midlar over heile linja

Spareplan 2025-2027

På instituttrådsmøtet 4. desember 2024 varsla instituttleiinga ein spareplan saman med økonomisaka på instituttrådsmøtet i januar 2025, ein plan for å takla overgangen frå gevinstøkonomi til strammare tider. Vi må rekna med eit svært krevjande instituttbudsjett i 2026. Her følgjer ei skisse til spareplan for perioden 2025-2027:

- (1) **Flytta instituttfinansierte faste stillingar over til fakultetet.** STATUS: 100 prosent stilling på engelsk vart overført til fakultetet i august 2024, 120 prosent på spansk blir overført august 2025. Vi har framleis følgjande instituttfinansierte faste stillingar på driftsbudsjettet ved instituttet: 50 prosent i administrasjonen (EVU), 20 prosent på fransk, 20 prosent på japansk.
- (2) **Fjerne attåtstillingar finansierte av instituttet når tilsetjingsperioden går ut.** Desse stillingane går ut sommaren 2025: 20 prosent på engelsk, 20 prosent på italiensk, 20 prosent på russisk og 20 prosent på spansk. Sommaren 2026 forsvinn den øyremerkte finansieringa av tre toarstillingar på fransk på til saman 46 prosent. Ved utgangen av 2026 går ei attåtstilling på engelsk ut (20 prosent). Normalt vil instituttet framover berre kunna tilsetja i attåtstillingar der vi har fått øyremerkte finansiering eller har frikjøpsmidlar.
- (3) **Halda nede bruken av vikarar o.a. mellombels tilsette finansierte av instituttet.** Berre unntaksvis kan vi henta inn vikar ved forskingstermin.
- (4) **Innføra tiltak som reduserer den samla undervisninga på enkelte av faga.** Dette må til for at (2) og (3) over skal kunna gjennomførast. Konkrete tiltak her kan vera å gå over frå masteropptak kvart år til annakvart år på enkelte fag, spara undervisning gjennom fellesemne (programporteføljeprojektet), redusere undervisning på emne med færre enn fem studentar, o.a.
- (5) **Generelt varsam bruk av pengar ved instituttet.**

I tillegg til spareiltaka, meiner instituttleiinga vi har eit realistisk håp om auka inntekter i form av overhead og frikjøp frå eksternfinansierte prosjekt og nye inntekter knytte til vidareutdanning i åra som kjem.

Aku 24.1.25